



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1578 - 16/18027

Saksbehandlar:
Torbjørn Helgeland
torbjorn.helgeland@osteroy.kommune.no

Dato:
23.09.2016

Hauge - gjeld legging av vass- og avlaupsleidningar frå Oddalsmyra næringsområde gnr. 4, bnr. 120 og 122 til kommunale leidningar på gnr. 4, bnr. 2 - oversending av sak for handsaming

Ansvarleg søker: Osterøy entreprenør AS, Hauge, 5281 Valestrandsfossen.

Tiltakshavar: Osterøy entreprenør AS, Hauge, 5281 Valestrandsfossen.

Heimelshavar gnr. 4, bnr. 2: Anders Hauge, Hauge, 5281 Valestrandsfossen.

Førehandsvarsel: 28.06.2016.

Dispensasjonssøknad motteke 03.08.2016.

Kommunen til e-postkorrespondanse med Lindås kommune v/Siril T. Sylta.

Osterøy kommune har avdekket ulovleg tiltak og har sendt førehandsvarsel i saka. I ettertid har kommunen motteke søknad om dispensasjon til å leggja VA-leidningar frå Oddalsmyra næringsområde over areal i LNF-område på gnr. 4, bnr. 2, Hauge til kommunale VA-leidningar.

Leiar for byggesaksavdelinga, samt rådmannen, har begge vore aktive i forhandlinga av avtalen om realisering av Oddalsmyra industriområde. Det er leiar for byggesaksavdelinga samt rådmannen som har hatt all dialog, forhandling, einighet og utforming av avtale m.v. knytt til realiseringa av Oddalsmyra industriområde. Avtalen, som ikkje er ein vanleg utbyggingsavtale, omfattar også VVA-trasen som ligg ut forbi sjølve reguleringsplanen for industriområdet. Verken leiar for byggesaksavdelinga eller rådmannen kan handsama byggesaker knytt til denne utbygginga grunna deira rolle i avtaleinngåinga. Dermed kan heller ikkje byggesaksavdelinga i Osterøy kommune handsame dette.

Vi ber difor om at Lindås kommune kan handsame oppfølging av ulovleg tilhøve med etablert vass- og avløpsleidningar ut over Oddalsmyra næringsområde i Osterøy kommune, som settekommune for Osterøy. Faktura for utført arbeid vert å sende til byggesaksavdelinga i Osterøy kommune.

Arealet er i arealdelen til kommuneplanen definert som LNF-område.

Me sender over dokumenta i saka som syner førehandsvarsel om ulovleg legging av vass- og avlaupsleidningar, søknad om dispensasjon, merknad frå heimelshavar, reguleringsplankart, reguleringsføresegner, planskildring, og løyve til planering av Oddalsmyra industriområde med søknad.

Osterøy kommune har ikkje gjort vurderingar om søknaden er fullstendig, og overlet til Lindås kommune å innhenta tilleggsdokumentasjon dersom det trengst.

Med helsing

Torbjørn Helgeland
fagansvarleg byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

gjeld legging av vass- og avlaupsleidningar frå 4/120 og 122 til 4/2

4-2 synfaring 28062016 - kart

Søknad om utsett frist

Gjeld frist i brev av 28.06

SV 1613006 Hauge - gjeld legging av vass- og avlaupsleidningar frå Oddalsmyra næringsområde gnr. 4, bnr. 120 og 122 til kommunale leidningar på gnr. 4, bnr saknr

20160803084201

Klage på betong i elva ved verna steinbru på Hauge

Scan0011

Oddalsmyra - Kommentar til merknader frå Anders Hauge

20160916064551

Reguleringsplankart Oddalsmyra

Reguleringsføresegn Oddalsmyra

Skildring Oddalsmyra

4120 OG 122 - HAUGE - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - ODDALSMYRA NÆRINGSPARK OPPSTART. VEGKRYSS MOT FV. 567 HANNISDALSLINA - INTERN VEGANLEGG. DISPENSASJON. (L)(266449)

S_30174.pdf (L)(261808)

ESE25E4+_%DOCNAME%S94_%SVEATH%S%\$42_30176.pdf (L)(261816)